

## Gard og bustadeigedom til sals på Eik

03.07.2015



Eigedomane på Eik som er til sals har ein storslagen beliggenheit

**Nils Bjarne Eik har no lagt ut både eit småbruk og ein bustadeigedom for sal. Han vil primært selja dei to eigedomane under eitt, men vil også kunna vurdera sal kvar for seg under føresetnad av at styresmaktene etter plan- og bygningslova og jordlova godkjenner det. Småbruket har eit areal på 330 dekar og av dette er 23 dyrka mark og 55 dekar innmarksbeite. Bustadeigedomen er 1.132 kvadratmeter med hus oppført i 1955. Her må det påreknast en del renovering. Prisantydning er 4,4 millionar for småbruket og 1,7 millionar for bustadeigedomen og det er advokat Haldor Tveit som er meklar.**



Småbruket har 190 dekar skog av særers høg bonitet. Til eigedomen ligg det også fallrett i Eikelva og her er det no gjeve konsesjon på byggjing av kraftverk.

Garden har eit gamalt bustadhus, driftsbygning, eldhus og stabbur. Til eigedomen ligg det også rettar i felles utmark samt fjellbeite og eigedomen har dessutan ein sameigedel i ei lita hytte på fjellet. Eigedomen ligg i LNF-område i kommunens arealdel.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen